



Referat

Til Geoplan AS
Sandvenvegen 17
5600 NORHEIMSUND

Dato: 01.04.2022

Frå Trond Inge Brakestad

Vår ref: 21/13326-5/PlanID-
20210001, N-504//142

Referat frå oppstartsmøte del 2 - Reguleringsplan for gnr. 32, bnr. 1,7,8 og 9 mfl. Smiedalen og Brekkena på Tolo

Møte		Referat		
Dato	18.03.2022	Deltakarar	Olav Rune Skutlaberg, Solveig Valland, Ingeborg Steine Jensen, Sturla Nødtvedt, Heidi Ørjansen, Leiv Ingmar Kaale, Nils Eivind Stranden, Tore Dolvik, Trond Inge Brakestad	
Stad	Kvam rådhus	Forfall		
Referent	Trond Inge Brakestad	Kopi		

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
1	<p>Møtet var ei fortsetjing av oppstartsmøte for reguleringsplan for gnr. 32, bnr. 1, 7, 8 og 9 mfl. på Tolo. I førekant av møtet vart det sendt inn oppdatert planinitiativ med nye skisser.</p> <p>Tema som vart betre opplyst i oppdatert planinitiativ vart drøfta i møtet. Dette gjeld mellom anna oppdatert planområde og skisse av grøntområde og bustadtypar. Referatet gjentek ikkje kommentarar som vart belyst i førre møte og referat.</p> <p>Saman med notat frå oppstartsmøte del 1 (vedlegg) utgjør dette referatet samla sett det lovpålagte referatet frå oppstartsmøte.</p>		
2	<p>Tilkomstvegar</p> <p>I oppdatert planinitiativ er det opplyst at vegalternativet som kjem inn frå sør-aust via bustadklubben sin reguleringsplan er</p>		

forkasta.

Det er dermed dei tre tilkomstane via Hatlevegen, Norheimsvegen og Tolovegen som står att.

Hatlevegen

I møtet vart det drøfta kva som skal til for at Hatlevegen kan betjena ei utbygging av terrassehus på gnr. 32, bnr. 1, og kor mange bueningar som kan nytta vegen som tilkomst.

Hatlevegen er i dag tilkomst til 52 bueningar, og størstedelen av trafikken er på dei første 70 metrane frå Norheimsvegen og til vegen deler seg. Etter delinga er Hatlevegen tilkomst til 7 bueningar (4 eksisterande bustadhus, og godkjent terrassehus med 3 einingar.)

I møtet presenterte planleggjar og tiltakshavar ei mogleg løysing der den mest trafikkerte delen vert opprusta til regulert standard på 5,6 meter køyrebane og opprusta kryss med siktsoner mot Norheimsvegen.

På den siste delen som har mindre trafikk vart det skissert ein enklare standard då denne delen vil ha tilkomst til færre bueningar.

Kvam herad vil kunna vurdere ei slik løysing, men det inneber nokre vilkår:

- Det må på førehand setjast opp kva punkt/strekk på vegen som ikkje stettar kommunal vegnorm
- Krysset mot Norheimsvegen må oppgraderast med tilfredsstillande siktsoner. Dette gjeld då strekket Norheimsvegen 67 -71 og innover til vegen deler seg.
- På den mest trafikkerte delen av Hatlevegen må det vere god nok breidde til at to personbilar kan passera kvarandre
- På den minst trafikkerte delen av Hatlevegen må det vera oppmerkte møteplassar og god sikt dersom det ikkje er nok breidd til passasje.
- Vegen må lyssetjast, og sikrast mot skråningar/mur.
- Det må gjerast ei analyse av trafikktryggleiken for mjuke trafikantar i Hatlevegen. Her må bl.a. bygg nært vegen/siktsoner og evt behovet for fartsreduserande tiltak vurderast.

I møtet vart Kvam herad utfordra på å gje eit maksimalt tal for nye bueningar som Hatlevegen toler. Det er vanskeleg å gje eit eksakt tal før me har sett den endeleg regulerte vegløyninga og kva konsekvensar dette har for mellom anna mjuke trafikantar.

Revidert planinitiativ skisserer 25 bueningar inn Hatlevegen. Vår førebelse vurdering er at 25 verkar noko høgt både med

	<p>tanke på trafikksituasjon, parkeringsbehov og krav til funksjonelt uteareal. Kvam herad tilrår at det vert arbeidd vidare med eit prosjekt i storleiksorden 10-15 bueiningar føresett at vegen vert utbetra som skissert. Dersom det vert planlagt for ei full utbygging, må vegen frå sør-aust via bustadklubben nyttas</p> <p>Tolovegen Revidert planinitiativ skisserer 6 bueiningar med tilkomst frå Tolovegen. I møtet vart standarden på vegen drøfta, og det vart påpeika at vegen er smal, stadvis mørk og stadvis manglar sikring mot skråning. Ei viss trafikkmengd på vegen må påreknast, men det må gjerast tiltak (typisk betre lys, autovern og om mogeleg møteplassar) langs vegen for å redusera ulempene. Det har også kome innspel knytt til dette (trafikksikring) frå velforening i området.</p> <p>Det vart og drøfta å redusera tal på bueiningar som nyttar vegen ved å gjera om dei skisserte 2mannsbustadane til einebustadtomter. Me vil òg be om at einebustadtomta nærast bekken vert teke ut. Både fordi det vil redusera trafikkmengda på Tolovegen, men òg fordi tomta ligg i svært bratt terreng og er innanfor omsynssona mot bekken.</p>		
3	<p>Bustadtypar Revidert planinitiativ inneheld skisser som viser ulike bustadtypar som einebustad, tomannsbustad og terrassehus/blokk.</p> <p>Det var stort sett einigheit om korleis dei ulike bustadtypane er plassert innanfor planområdet, men nokre punkt vart drøfta:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tal einingar i terrassehus med tilkomst frå Hatlevegen må reduserast. • Terrassehus/blokk med tilkomst frå Norheimsvegen må endrast til småhusbebyggelse for å harmonera betre med omgjevnadar og avstanden frå sentrum. Tal einingar kan oppretthaldast dersom det let seg gjera med tanke på parkering og uteareal med meir. • Einebustad på 32/1 aust for Tolo omsorg må takast vekk både tanke på samanhengande grønstruktur, terreng og omsynssone til bekken. Men òg for ikkje å blokkera ei mogleg framtidig kopling mellom Tolo omsorg/Toloheimen og 32/422 som er eigd av Kvam herad. • Einebustad på 32/1 mellom bekken og Hatlevegen må takast ut med tanke på samanhengande grønstruktur, terreng og omsynssone til bekken. • Einebustad på 32/9 mellom 32/420 og bekken må takast ut med tanke på samanhengande grønstruktur, terreng og omsynssone til bekken. • Tomtene aust for 32/420 med tilkomst frå Tolovegen bør gjerast om til 3 einebustadtomter for å redusera 		

	<p>trafikkmengda på Tolovegen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • For tomtene på den øvre delen som har tilkomst frå Norheimsvegen kan det vurderast om tal bueiningar skal aukast opp dersom dette let seg gjera med tanke avstand til bekkar og mindre justeringar av grønstrukturen. 		
4	<p>Folkehelse og bumiljø</p> <p>Revidert planinitiativ syner skisse med grøntareal, leikeplassar og stiar. Det er positivt at dette vert godt ivareteke innanfor planområdet.</p> <p>Kvam herad oppmodar om å arbeida vidare for å oppnå gode grøntareal, leike- og møteplassar og koplingar/stiar både gjennom området, på tvers av området og mellom dei ulike delområda i planen.</p>		
5	<p>Blågrøne struktur</p> <p>Det vart drøfta om det kan gjerast mindre justeringar av grøntareala i kommuneplanen sin arealdel dersom dette kan opna opp for fleire bueiningar utan at kvaliteten på grøntområdet vert særleg redusert. I den øverste delen av feltet som får tilkomst via Norheimsvegen kan dette vera ein moglegheit.</p>		
6	<p>Oppstart av reguleringsplan</p> <p>Neste steg i planprosessen er å varsle oppstart av planarbeidet med brev, avisannonse og nettannonse på Kvam.no. Informasjon som trengs for oppstartsmeldinga og vidare arbeid er vedlagt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Liste over heimelshavarar innanfor og tilgrensande til planområdet • Liste over offentlege myndigheiter som skal varslast • Liste over lag og organisasjonar som skal varslast • Tilgrensande reguleringsplanar på sosi-format <p>Når det er meldt oppstart og de har arbeidd vidare med løysingane i planen tilrår me at det vert halde eit undervegsmøte der ny informasjon og planlagte løysingar vert drøfta før innsending av planframlegg.</p>		

Mottakarar:

Geoplan AS

Sandvenvegen 17

5600

NORHEIMSUND

Kopi til:			
Tolo Prosjekt AS	Nattlandsfjellet 75	5098	BERGEN

Trond Inge Brakestad
Planleggjar